



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/176 - 18/31250

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
12.10.2018

## Mellombels bruksløyve småbåthavn - gbnr 11/135 Hølleland

### Administrativt vedtak. Saknr: 558/18

#### Tiltakshavar:

#### Ansvarleg søkjar:

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.03.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Det er ingen resterande arbeid i den delen av tiltaket det søkjast mellombels bruksløyve for. Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: avkjørsel, parkering, flytebryggje med båtplassar og gjestekai.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til 30.09.2018.

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 08.10.2018.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Småbåthavn

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for småbåthavn på gbnr 11/135 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: avkjørsel, parkering, flytebryggje med båtplassar og gjestekai.



2. Ferdigattest skal liggje føre innan 05.11.2018.

### **Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/176

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Stranda Båtforening v/Arne Hosøy    Veland    5993    OSTEREIDET

### **Mottakar:**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS    Kvingebakkevegen 5981    MASFJORDNES  
97